

Preken Økumenisk bønnegudstjeneste Lunden kloster kapell 23. januar 2022

Prekentekest: Matteus 2, 1-12.

Kvart år feires økumenisk bønnegudstjeneste i Lunden kloster i samarbeid med Tonsen menighet og i år er det den femtiande gongen. Det er ei stor ære å få være predikant nettopp i år, på dette lokaløkumeniske jubileet.

I år har *Middle East Council of Churches* med base i Beirut, valt teksten om vismennene som søker seg mot lyset. I haust har det vore mørkt i Beirut: Fleire husstandar har fått max to timar per dag å bruke å straum på. - Lys og varme som trengs til matlaging og levelig liv.

Meir enn nokon gonger treng vi lys som skin i mørker, - i alle betydningar av ordet.

Kjære Kristi venner,

No er vi her kapellet på Lunden kloster, ein godt eigna stad for å ta inn lyset: Opne opp for lyset, be for - og om lys, sleppe lyset inn i liva våre.

La oss undre og grunne litt over prekentekest:

Vise menn på vandring. Dei søker seg mot lyset. Dei følgjer lyset:

-Og sjå! Stjerna som dei hadde sett koma opp, for føre dei,

heilt til ho vart ståande over staden der barnet var!

Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrina sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra.

Gavene var gull, røykjelse og myrra.

Gull er dyrt og sjeldan, og kongen i metallverda.

Myrra er ein harpiks av sevja frå trær i balsam-familien. Oppover i historia har myrra hatt mange bruksområde frå tannpleie til smertelindring og hostedemping.

Røykjelse er og ein harpiks som piplar ut av treet og stivnar i klumpar. Ofte blir harpiksen blanda med aromatiske oljer og krydder.

Kvifor fekk Jesus-barnet gull, røykjelse og myrra?

Det manglar ikkje på vidløftige og fromme tolkingar. – Som at det er uttrykk for tru, håp og kjærleik. - Som at det dreier det seg om sentrale trusyringar som gode gjerningar, bøn og eit kristent liv.

Ei av dei beste tolkingane eg har lese, stammar frå middelalderen. Ein klok og erfaren teolog skreiv då at gullet var fordi foreldra var fattige, røykjelse var for å ta vekk den vonde lukta i stallen og myrraen for å salve barnet slik at det ikkje vart sjukt.

Gåvene var altså ikkje symbol på noko anna. Dei var tvert om viktige og minneverdige fordi dei var i seg sjøl nødvendige, ja i heilt bokstaveleg meining: Dei var i stand til å vende nød.

Vismennene oppsøkte ikkje kong Herodes etter dei hadde gitt gåvene. Det var jo Herodes som var den kongen dei etter spelets reglar skulle betalt tributt til, ved å gi gåver og knele ned i bakken for. I staden knelte dei ned, ja kasta seg ned på bakken og tilbad eit nyfødt barn i ein stall. Stjerna lyste der ute, og kanskje såg dei som i eit gjenskinns også lysskinnet frå barnets auge? Tindrane ljøs i kveld, både ute og inne, både i det høge og i det som er mindre og meir sårbart enn oss!

Vi er mange som har undra oss over *kven* desse gavegivarane var.

Korleis dei såg ut og kvar dei kom frå og vendte tilbake til.

Matteus fortel lite. Han skriv at dei var *magoi*, magikarar eller vismenn og at dei kom frå aust, *anatolæ*, der sola står opp.

Vi veit ikkje om dei var tre eller tolv. Dei kom ut frå det blå og vendte tilbake til historias mørke. Etterkvart fekk dei namn: Baltasar, Kaspar og Melkior. Og etterkvart som dei vart avbilda og malt og sett inn i julekrybbene, vart det tydeleg for alle som kan sjå at dei kjem frå ulike verdensdelar og har ulik alder, ein gamal, ein ung og ein midt i mellom, ein frå Midtausten eller Europa, ein frå Afrika og ein frå Asia.

Stallen er verkeleg ein internasjonal møtestad, ein stad for folk av alle generasjonar og kulturar og språk. Nok eit eksempel på lokal økumenikk!

Sånt sett manglar det berre nokre vise kvinner, for dei finst også.

Men i alle forteljingar om det som skjedde rundt Jesu fødsel, spelar jo i alle fall Maria ein avgjerande rolle. Og Maria og alle hennar navnesøstre i evangelia, var vise kvinner. Sånn er det med den saka.

Av ein eller annan grunn har eg alltid trudd at eg sjølv høyrde heime i stallen, kanskje som ei søster til desse gjetergutane som kom springane. Og eg veit at eg ikkje er aleine, stallen er noko heimsleg, noko vi har vokse opp i.

Og så kjem desse framande reisande med gåver langt borte frå og etter at dei er ferdige med tilbedinga, reiser dei heim, og vi står der og vinkar farvel: «Far vel, kjære vismenn, god tur heim!»

Det var først då eg sjølv begynte å reise litt rundt i verden og kom til den palestinske byen Betlehem og traff kyrkjefolk frå Midt-Austen, at eg oppdaga, at det var jo **eg** og mine som var framande og hadde reist langt. Det er ikkje bestandig dei framande er nokre andre. Det kan også vere oss sjølv.

Eg hugsar at vi i Lilleborg kirke for lenge sidan hadde besøk frå KFUM/K frå Palestina. Dei var med på gudsteneste. Etterpå var det nokre frå menigheita som spurte presten: Kven var desse fremmande som gikk til nattverd? Og presten svarte, som sant var, at det var kristne frå Betlehem og Nasaret og Jerusalem! Ikkje meir framande enn det, frå ein samanheng der evangeliet høyrte heime frå starten av.

Eg er glad for denne anledninga til å lytte til ord og helsingar frå søsterkyrkjene våre i Midt-Austen. Det viktige er ikkje kven som er framande. Det viktige er at **vi sammen er ei kyrkje**, som er utlevert til kvarandre. **Når ein kroppsdel lid, lid heile kroppen**. Saman kan vi, forskjellige som vi er, dele erfaringar av sårbarheit og smerte, dele tru, Guds gode gåver, håp og også be saman, for kvarandre og for den verda vi deler med alle menneske og alt levande.

- Og så kan vi begi oss ut på leiting saman. Leite etter lyset, etter stjerna som viser veg. Kristus, verdens lys, er kome for å lyse opp i verdas mørke og gi oss livsmot og håp. I Hans lys, ser vi lys.

Amen.

